

Kjære Erna! Me håpar du vil hjelpa oss med å få ei trygg og grøn framtid!



Miljøagentane er barnas miljøvernorganisasjon. Me jobbar for å gi barn trua på seg sjølv, framtida og at det nyttar å gjera noko. Miljøagentane på Stord har no 48 medlemmar mellom 7 og 14 år.



Miljøagentane på Stord har hatt eit møte der me snakka om korleis me kan få ei grøn framtid.

Her er det me har kome fram til no:

Det er me som er barn som skal leva lengst. Me håpar derfor at me blir høyrte på når regjeringa skal bestemma over framtida vår!



Slik kan du hjelpa oss å ta betre vare på naturen:

- Noreg bør planta fleire tre.
- Noreg bør innføra fleire ryddedagar både langs strender og rydda meir elles i naturen og havet.
- Miljøagentane på Stord seier nei til å byggja motorveg gjennom Landåsen, Skjepåsen/Skiphaugsvatnet og øydelegga naturen og dei fine badevatna våre.

Slik kan du hjelpa oss å få meir miljøvenleg transport:

- Billegare buss for alle, og gratis for barn under 10 år.
- Få sjølvkøyrande bussar og trikk.
- Få sykklar og spakesykklar til leige.
- Byggja fleire sykkelstiar.
- Kjøpa fleire elbilar.
- Få færre til å fly og køyra bensin- og dieselbil.
- Arbeida for å få tog til Stord.

Dette kan regjeringa og kommunen gjera for å sikra miljøvenleg, sunn og kortreist mat:

- Skulehage på alle skular.
- Skulemat og kantine på alle skular med mat frå skulehagen.
- Dyrka mat på Torget og andre stader i kommunen.



Dette kan regjeringa gjera for å sikra at det finst miljøvenlege jobbar for framtida til dagens unge:

- Satsa på vindmøller på havet.
- Satsa på ny teknologi og utdanning for framtida.

**Lukke til med arbeidet med å gjera framtida vår grøn og trygg!
Beste helsing Miljøagentane på Stord**